

## **INTERPELLASJON - LINDÅS KOMMUNESTYRE, 27.OKT. 2016**

### **SAK : NORSKOPPLÆRING FOR VAKSNE INNVANDRARAR**

Det er kommunane som – gjennom Introduksjonslova (§ 18) – har ansvar for norskopplæringa til vaksne innvandrarar.

Vaksne innvandrarar har både rett og plikt til å gjennomføra norskopplæring, og i Lindås kommune er dette tilbodet lagt til Vaksenopplæringa ved Læringsenteret vårt.

Fleire av nabokommunane kjøper også språkopplæring hjå Lindås Vaksenopplæring.

**Kva opplæringsspråk som skal brukast er ikkje regulert i noko lovverk, og av ein eller annan grunn vert opplæringa i nynorsk-kommunen Lindås stort sett gitt på bokmål.**

Rett språkopplæring er avgjerande for integreringa.

Nordhordland er nynorskland, og difor er det naturleg at Vaksenopplæringa gir opplæring på nynorsk. Dersom foreldra lærer det same språket på vaksenopplæringa som borna lærer på skulen, vert det t.d. lettare å kommunisera både i heimen og med omverda.

Nynorsk skriftspråk byggjer som kjent på dialektar, og med vår dialekt kan ein lett kjenna seg att i nynorsken.

Lindås Sp meiner at opplæringsspråket på Vaksenopplæringa er ei prinsipiell sak, som kommunestyret bør ta stilling til.

**Spørsmål :**

**Vil ordføraren syta for at det vert fremja ei sak med sikte på vedtak om at nynorsk skal vera opplæringsspråk ved Vaksenopplæringa i Lindås, frå hausten 2017 ?**

Lindås Senterparti

Anna K Valle